

# Ryddeaksjonen 2005

Skole: Sandnes skule  
Klasse: 8  
Antall: 7  
Kontaktpers: Kjellaug B. Strand  
Tlf.: 56 16 63 60  
Adr. : Sandnes , 5981 Masfjordnes  
Komm. : Masfjorden  
Kontonr.: Elevar f. 1992, Sandnes skule  
5981 Masfjordnes  
0520 33 81257

## **Prosjekt: Opprusting av jordkjellar & rydding av området rundt**

Etter å ha hatt synfaring på området i 2005, gjennomførte me mesteparten av ryddeaksjonen siste veka i februar 2006. Alt " inventar" var råte, og måtte fjernast. Me laga ein ny, stor bingje langs eine veggen i kjellaren. Golvet vart rydda og kosta. Det viste seg at kjellaren hadde støyp steingolv. Døra inn til kjellaren har vorte bytta i nyare tid, men arbeidet har vorte slurvete utført, slik at døra ikkje gjekk igjen. Dette vart utbetra, i tillegg til at me lista fint rundt døra. I inngangspartiet var mose, jord og stein i ferd med å rasa ned frå taket, slik at det var utrygt å gå inn i kjellaren. Mose og jord vart fjerna, og lause steinar vart mura opp igjen på nytt. Me hadde og nokre skiferheller som me la i inngangspartiet.

Utanfor fjerna me ein del skog som sto tett inntil kjellaren, for å unngå at røter skulle øydeleggja bygget, og for å gjera kjellaren meir synleg i kulturlandskapet. Me rydda vekk ein mengde kratt og buskas i nærområdet. Greinene brende me opp etterkvart, veden tok me vare på.

I tillegg til å rydda området fekk me og ei historisk innføring om plassen i gamle dagar. Ragnar og Tilla har begge vakse opp på garden, og hadde mykje å fortelja om korleis det såg ut og korleis det var å bu her før i tida, og korleis jordkjellaren vart nytta. Denne informasjonen vil me publisera i neste skuleavis.

Arbeidet er no på det aller næraste ferdig. Dersom me får det til, vil me og prøva å laga eit skilt som gjev besøkande informasjon om jordkjellaren. Me har observert at mange forbipasserande stikk hovudet inn døra for å sjå, akkurat slik me håpa! Me må og kløyva veden og leggja han i sekkar, slik at småskulen kan nytta veden når dei lagar mat på utedagane sine.

Me synest dette har vore eit gjevande prosjekt, og eit fint avbrekk i ein heller teoretisk skulekvardag. Me har lært ein god del lokalhistorie, me har møtt informantar, me har hatt det kjekt saman og me har fått nytta både kreftene og kreativiteten vår i arbeidet med å gjera området ryddig og fint.



**21.04.06**

**Helsing 8. klasse v/ Sandnes skule**

**Susanne, Elise, Kjersti, Helen, Emil, Andreas,  
Vebjørn og lærar Frank**



Slik såg det ut ved jordkjellaren før me begynte.  
Jordkjellaren hørde tidlegare til prestegarden i Sandnes sokn. No er han i kommunal eige og ein del av uteområdet til Sandnes skule.



Arbeidslaget på synfaring 2005

# Dette har me gjort:

1. Rydda ut gamle og råtne bingar, og laga nye.





Her er den nye potetbingen!

## 2. Fjerna jord og skit frå golvet



### 3. Reparert dør og dørkarm



No går døra lett opp og igjen, og dørlistene er felt fint inn til steinmuren.

#### 4. Sikra inngangsparti



Her fjernar me mose og jord, og reparerer steinmuren.



Det var viktig å fjerna alt laust materiale som var i ferd med å siga ned frå taket.

## 5. Betra tilkomsten



Inngangspartiet vart fint! No er steinmurane reparert/sikra og inngangspartiet hellelagt med skifer.

## 6. Historisk innføring v/ Ragnar



Ragnar fortalte oss om historia til jordkjellaren. Kjellaren er om lag 200 år gammel og vart tidlegare nytta av alle innbyggjarane i Amundsbøtn. Dette er ein av 2 jordkjellarar i Sandnes-området. Han gav oss ei innføring i korleis det såg ut akkurat her før i tida. Fleire av bygningane som sto rundt jordkjellaren høyrde til prestegarden; stabbur, langhus og løe. Desse er no fjerna.

## 7. Rydda skog og busker som var rundt jordkjellaren, slik at kulturminnet no er godt synleg i landskapet.





Her blir vedkubbane lagt til tork. Veden skal kløyvast og seinare nyttast på utedagane til dei minste elevane på skulen.

## 8. Brent greiner, busker og gammalt, øydelagt inventar



Det vart mykje greiner som skulle brennast.  
Midt på dagen vart det tid til grilling av pølser rundt bålet.

